

Norges Vassdrag og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo
Norway

-- POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 Oslo
Norway

BESØKSADRESSE:
Lilleakerveien 6
0283 Oslo

-- TLF:
24 06 70 00

FAX:
24 06 70 01

-- INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

-- ORG.NR.: NO-987 059 729

DYKKAR REF./DATO:

VÅR REF.:

STAD/DATO:

Gaupne, 01.02.2023

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KRAV OM LRV BERGSVATNET I HØYANGERVASSDRAGET 2023

Søker med dette om dispensasjon frå manøvreringsreglement for reguleringar i Høyangervassdraget gitt ved Kgl. Res. 19.desember 2008, til å fråvike kravet om LRV Bergsvatn

**Gjeldande manøvreringsreglement:
Bergsvatn HRV 597,35
Bergsvatn LRV 568,74**

Årsak for søknad

I 2019 vart det gjort ein jobb med blant anna reoperasjon av luke i Bergsvatnet (NVE-vedtak datert 08.03.2019 (ref.201901565-6)). Etter at den vart teken i bruk har det vist seg at det er ein lekkasje og pakningen på luka må skiftast ut. For å kunne gjere jobben må arealet oppstraums luke tørrleggast på same måte som i 2019.

Den gamle dammen i Bergsvatnet ligg rett oppstrøms dagens dam. Topp gamledammen kote 578,5. Planen er å halde nivået over LRV i det meste av magasinet med den gamle dammen og tørrlegge mellom dammane. Vasstandmålinga i magasinet ligg bak den gamle dammen og vise nivået i hovuddelen av magasinet.

Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden 13.mars til 14.april, men arbeidet vil ta ca. tre veker. Det tørrlagde arealet vil bli fylt opp att så fort arbeidet er utført. Statkraft vurderer at påverknaden vil vere liten og mellombels på eit lite areal.

Det blir tråkka skispor langs den nordlege delen av magasinet, men ikkje nær dammen. Utsette område ved dammen vil bli markert ved behov gjennom påsken.



Figur 1: Bergsvatnet i dag. Stipla inn med raudt område som må tørrleggast for å arbeidet med luka.



Figur 2: Same flyfoto som viser Bergsvatnet med den gamle dammen. Stipla inn med raudt område som må tørrleggast for å arbeidet med luka.

Søker om

Dispensasjon om å gå ned til kote 562 mellom gamal og ny dam i Bergsvatnet i tre veker mellom 13.mars og 14.april 2023. Arealet under LRV mellom ny og gamal dam er stipulert til ca. 8500m².

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Vidar Fossøy